



Klara Døssland som vert 99 til hausten, var med og skreiv rimet.

I dag presenterer vi ei skikkeleg perle frå lokal kulturhistorie. Før i tida hadde mennene mest einerett på friinga, og dermed måtte damene nytta sjansen dei hadde kvar skotår. Skotårsfestane var også noko som dei såg fram til, og programmet bar preg av at då hadde jentene ein eineståande sjanse til å fria til gutane. Det er også gjennomgangstema i dette Skotårsrimet frå 1948.

Vi har fått tilsendt rimet frå Leif Arne Døssland som bur i Sandnes. Etter det vi har brakt på det reine, er det Klara Døssland og Lillen Steinsletten som er forfattarane av rimet. Klara meiner også at dei kanskje hadde hjelp av fleire. Rimet vart lese opp på Skotårsfesten det året. Dersom einkvan har fleire opplysningar, er vi svært takksame for å høyra dei.

Då seier vi. Len dåke tilbake og les det med god fornøyelse. Vi som er litt opp i åra hugsar godt dei fleste som er nemnde i rimet.

Skotårs-rim 28.02.1948

Ved nyttår eit gjentelag samla var,
so var det då som det alltid plar,
det berre gjekk ut på giftarprat.
Dei alle var samde, at skal me mann oss få,
så må me sandeleg fria i år.

Johanna sa eg til Kjærland går
for eg trur no sikkert eg Karlsen får.
Det største jordakar i dalen er han,

for tjuge tunnor korn han avla kan,
og so likar han so godt å verta mann.

Kjære Karlsen vil du meg berre ha
so skal eg verta deg ei kone so bra.
For seint, for seint! Du Johanna kjem i kveld,
du veit so vel eg friar kje likevel.

Borghild Fjellandsbø sa eg til Knuten vil gå,
for eg trur no sikkert at han eg får.
Han er kje mindre til kar med hus og gard
og på haugen har han ein sylvrevgard.
Tenk der å få svinsa ut og inn
-i sylvrevskinn.

Eg fridde til Knuten, han stod i Skredo og braut,
men då skal eg sei han vart kry og kaut.
Nei, deg Borghild eg ikkje kann ta,
for ei burt på Myklebust eg huglagt har.

Klara tenkte og so ho sa
eg trur eg meg ein tur opp i dalen vil ta.
For på Spøtebrekke veit eg ein kar
som pengar i massevis har.
Visstnokk er han både gamal og grå,
men kva gjere da når eg pengar kann få.

Haralden stod og grov sand,
då Klara kom og bar ærende sitt fram
Haralden svara: Nei du Klara lyt nok verta pepermøy,
for du veit no vel at eg snart kjem til å døy.
For når frosten av jordi går,
du på kyrkjegarden meg fylja får.
Men eit er sikkert og visst
du meg skal få arva til sist.

Lillen meinte at Skårhaug Olaven mest av alle ei kona treng,
so eg trur at eg beint fram til han eg gjeng.
For får han seg ei dyktig kona han,
so trur eg han vert ein koseleg mann.

Skårhaug Olaven det er ein snodig kar,
for då målemnet fram ho Lillen bar,
då fekk ho eit løjje svar.
Du veit no at eg alltid har sagt
at kvinnfolk er eit heselegt pakk.

Klara Eik meinte Magne er no likaste karen lell,
for aller mest av han eg held.
På kontoret held han god skjikk,
og dertil so er han ein stor journalist.

Kjære min Magne, - Klara Eik sa
frå eg vart so stor eg elska deg har.
Og difor so gjerne eg deg til mann vil ha.
Ja, gode Klara eg deg so godt forstår,
kva det er til å elska og ikkje få.
Eg likar so godt å fri vera,
for eg so lenge ute um natti må vera.
For alt eg må til rettes sjå,
før eg um nettene heim kan gå.

Ho Maren sa eg til Gjerten går,
for likare kar eg ikkje kan få.
Tenk Odelskar, til ein svære gard.

Og vil han meg berre ha,
eg skal vera so glad!
For du, å du!
Tenk på Neset å bu.

Eg trefte Gjerten på Nesjagard,
og då ærendet mitt fram eg bar.
Nei, Maren du må bare tie,
du veit no vel att eg skal ha Edel Bie.

Kari i Myro meinte eg til Rød vil gå
for eg trur sikkert eg Brikten kan få.
Spenstig han er, og so inderleg av han eg held.
Og kona på garden han treng.

Med Kari ikkje betre det gjekk,
heller ikkje hu Brikten fekk,
for han med Borghild Døssland i tankane gjekk.
Borghild sa: visst eg gjere meg mjuk og fin
so er det no løjje skal ikkje Skreddare-Kjellen verta min.
Og so er det so bra
når eg kåpa skal meg ha,
i snitt og i saum
ho vert som ein draum.

Agnes helst vil ein styrmann ha.
Derfor so vil ho Pederen ta.
For ikkje snildare gut her er,
for alltid gjeng han og smiler og lær.

Agnes ein kveld upp til Pederen gjekk,
men ho det same svaret som dei hine fekk.
Nei, Agnes meg du ikkje fær,
for du veit no vel at eg skal ha Else som i Sverige er.

Men Karen kva segjer då du?
Du hev sikkert tenkt deg ein ut.
Karen svara: Aa for eit vas,
friar eg til nokon vert det til vetle-Lars.

Karen ein dag burt til Vikjo gjekk
der hu fria til Larsen fekk.
Nei, du Karen meg ikkje fær,
du har no vel høyrte eg burtlova er.
Nei då er det best eg meg til Porsa-Peder held,
han vert vel likaste karen lell.

Eva sa eg til Bertelen vil gå,
for kjekkare kar her ikkje i dalen går.
Og so hendig han er med øks og med sag
og meister han er i sitt snikkar fag.

Eva ned på snikkarverkstaden til Bertelen gjekk,
men hu det same svaret som dei hine fekk.
Nei, Eva eg lyt seia som sant er
at eg skal ha sygjenta som hjå Bino er.

Anne-Karin sa: eg ikkje so langt vil gå,
eg trur eg fekten på Sigbjørn slår.
For so fin-fin han er i hatt og klær,
og so dyktig på skulen i sær.

Anne-Karin burt til Sigbjørn gjekk,
der ho nei på timen fekk.

Att du meg elsker eg godt forstår
men du veit no det att eg kje med kvinnfolk går.

Hjørdis sa: ein forretningsmann helst eg vil meg få
so hjå Jens Arnesen eg meg prøva må.
På butikken er han både svinten og grei.
Eg trur no ikkje han meg svara nei.

Jensen svara: Du Hjørdis meg ikkje fær,
for eg skal ha sygjenta som hjå Sverre Arnesen er.
Hu er venaste gjenta som går
og so har ho så nydelegt hår.

Hilda Eik sa likare kar enn Trygve Haugland
du ikkje finn korkje i sør eller nord.
Han tidleg vart vaksen og drøymde seg stor
og attåt så har han stor jord.

Trygve kann du tru gjorde seg svær,
nei Hilda, du veit no so vel, at eg ein kvinnebedårar er.
På Tippehuset er eg kvar einaste kveld
og der med Erna eg meg held.

Else Volden tenkte, og so hu sa,
eg trur eg meg ein tur upp til Klammeren må ta.
For Hansen ikkje lenger med Lillen går,
så eg trur no sikkert at han eg får.

Else sa Hansen er ein lure kar,
for han gav meg eit underleg svar.
Nei no du Else meg ikkje kann få til mann.
For enno ikkje Lillen eg gløyma kann.
Men visst ikkje til neste skåtår eg burtlova er,
skal eg heller sjå um eg kann få deg kjær.

Aud sa: på Rød Johannesen so einsleg går.
Skal tru at ikkje han eg får.
For til å gå der åleine han sikkert er lei,
so eg kann aldrig tru at han svara meg nei.

Aud so sturen etter friingi var.
Nei, Johannesen er ein løjen kar.
Tenk han svara meg beint fram nei,
og sa at han av kvinnfolk var lei.
Men eg høyrer dei seier han fer,
med butikkgjenta som på Vikjo er.
Det går vel med henne som alle dei andre han har hatt.
Han heller ikkje får Nellborg att.

Målfrid Gjertsen upp til Døssland til Nilsen vil gå.
For so staut og stram ein kar han er.
Og ein dyktig sjofør i sær.
Men med Målfrid ikkje betre enn dei andre det gjekk,
heller ikkje ho Nilsen fekk.

Nei deg Målfrid eg ikkje kann ta,
for eg skal Målfrid Røyrvik frå Husnes ha.

Porsa-Jenny sa eg trur eg lag med Else slår
og beint upp til Klammeren går.
For skal tru um eg ikkje Olaven får.
Ein dyktig elektrikar han vera skal
og i stova vi pynta med lysakruna og lampettar skal.
Tenk um eg han kann få,
då lukkeleg eg verta må.

Men Klamra Olaven det er ein lur kar,
for no skal du høyra kva Jenny fekk til svar.
Nei du Jenny meg ikkje kann få,
for kvinnfolk er kje noko til å lita på.
So eg lyt nok svara deg nei.
No med Elisa Våge eg går, men av henne vert eg vel og lei.

Haldis sa, eg burt til Sanden til Arne vil gå.
Likare kar her ikkje på lang lei går.
Og han har meg kjær, på det eg sikker er.
Med tidi han ein stor skipsredar blir.

Nei deg Haldis eg må svara nei
um du er aldrig so kjekk og grei.
For kvinnfolk det kjem eg aldrig til å lita på.
Derfor eg heller einsam vil gå.

Annlaug ropa ut!
Skal tru um ikkje Arne B. er ein grei gut.
Det er no rart um eg ikkje han kann få
visst eg upp til han eg vil gå.
Sikkert han mykje til fortelja har,
um då han i Tyskland var,
og so kann vi oss ein og annan biltur ta.

Bitterde um du Annlaug meg får,
for eg med ei i Husnes går.
Og forresten er du altfor fin
til å ha på garden min.

Margit Ljosnes ho smilte med seg
det friarstrevet slepper no eg.
For Eide Knuten han fridde til meg,
eg hadde berre til å svara ja
og derfor so er eg no så inderleg glad.

Her i vika dei gjentene møttes att,
men då kann de tru dei ikkje var høge i hatten.
Med friingi visst ikkje bra det gjekk
No har de høyrte kva svar dei fekk.

Fleire gjæve gutar i dalen her går,
men visst ingen av dei held vi får.
For til fria og fria, og berre få nei
Av det ein på slutten vert lei.
Ja tenk dei alle burtlova er,
og til neste skåtår dei gifte menner er,
mens me stakkars jenter so einsame gjeng.
For di um gutane ikkje vil oss ha,
me slett ikkje til dei ber nag,
for dei sjølve må velgja kven dei vil ha.
Men allikevel skal Uskedalsgutane ha
tre ganger tre hurra.

Foto og nett: Thor Inge Døssland